



Helse- og omsorgsdep.  
[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

Dykkar ref.

Vår ref.

2013/1511 - 19444/2013

Saksh. – tlf.

Jogeir Sognnæs - 55 09 72 14

Dato

06.09.2013

### **Svar på høyringsutkast - Forslag til endringar i folketrygdlova og andre endringar som følgje av tilvising frå psykologar**

Vi viser til høyringsutkast og vil innleiingsvis understreka at Fjell kommune på det sterkeste støttar forslaget om å gi psykologar rett til tilvising.

Fjell kommune har i løpet av dei siste 5 åra hatt ei sterk vekst i talet på psykologar i kommunen. Frå eit utgangspunkt der det i mange år har vore 3 psykologar i PP-tenesta, er det no 5 psykologar i PP-tenesta, 5 kommunepsykologar og 1 psykolog i barneverntenesta.

Slik vi forstår høringsnotatet vert det gjort eit skilje mellom psykolog i klinisk verksemd og psykolog i ikkje-klinisk verksemd. Fjell kommune reknar i denne samanheng alle psykologstillingar i kommunen som kliniske, sjølv om det berre er kommunepsykologane som er direkte regulert av helselovgivinga. Vi er usikre på kva departementet legg i omgrepene klinisk, og vil difor argumentera for at alle psykologar i utøvande psykologstilling i kommunen må få tilvisingsrett.

Psykolog i barneverntenesta vil etter dagens lovverk kunne tilvise saman med leiar for barneverntenesta. Slik vi oppfattar det burde ein psykolog i barneverntenesta ha same sjølvstendige tilvisingsmynde som kommunepsykologane.

Psykologane i PP-tenesta har lang tradisjon på å tilvise til psykisk helsevern og habiliteringstenesta for barn og unge, men etter dagens lovverk har tilvisinga blitt sendt "via" fastlegen. Fastlegen har ofte svært avgrensa kunnskap om barnet og har i hovudsak vidareformidla den kunnskapen og dei vurderingane som er gjort av psykologen i PPT. Tilbakemeldingane frå spesialisthelsetenesta har gjennomgåande vore at PPT leverer dei beste og mest grundige tilvisingane.

Både Flatøutvalet og Midtlyngutvalet har foreslått at PPT får tilvisingsrett. I Meld.St.18 (2010-2011) vert det tilrådd eit forsøk med tilvisingsrett for PP-tenesta, og vi antar det er dette forsøket det vert vist til i høringsnotatet. Om denne ordninga vert fast vil psykologane i PPT få sjølvstendig tilvisingsrett som PPT-tilsette, og det vil framstå som underleg om ein


psykolog er gitt tilvisingsrett utifrå eit perspektiv og samstundes er ekskludert utifrå eit anna perspektiv.

Eit samarbeid med fastlege om relevant somatisk utgreiing vil vere like naturleg og viktig for psykolog i barnevernteneste og PP-teneste som for psykolog i kommunal helseteneste.

Slik vi les høringsnotatet bør ein anten skrive psykolog (slik ein gjer med "lege"), eller tydeliggjere at ein med "klinisk" meiner "utøvande" og i ei klientrelasjon som inneber utgreiing og/eller behandling.

Med etterhald om politisk godkjenning.

Med helsing



Jogeir Sognnæs  
PPT-leiar

Terje Handal (s)  
helsesjef